



Fire av aspirantane frå i fjor: Anna Zofia Fonn, Stine Soldal, Emilie Bringedal og Mia Storevik Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I år har skulemusikken 7 aspirantar og leiinga i korpset håpar på godt fram møte når det torsdag klokka 18 skal vera møte med dei som har lyst til å starta som aspirantar frå hausten.**

**Det er sendt ut invitasjonar til dei som går i andre, tredje og fjerde klasse, opplyser Torunn Døssland.**

Torsdag får dei prøva ulike typar instrument. Dei får informasjon om korpsaktiviteten og korleis aspirantopplæringa går føre seg. Det er ynskjeleg at foreldra blir med på møtet.

Hvis det er nokon som har lyst til å starta men som ikkje har høve til å komma torsdag, kan dei ta kontakt med Monica Storevik (930 39091) eller Torunn Døssland (905 333304) så svarar dei på spørsmål og ordnar med eventuell prøving av instrument.